

VEDTEKTER FOR UTMERKINGAR | HAREID IDRETTSLAG



| Revisjon nr | Dato | Godkjent av | Vedteke av |
|-------------|------------|-------------|--------------------|
| 0 | 09.03.2022 | | Årsmøtet mars 2022 |
| | | | |
| | | | |

Hareid Idrettslag
Myravegen 12
6060 Hareid
www.hareidil.no
Org.nr 971370610

Lagsleiar
Vegard Gjerde
Dagleg leiar
Ola Kalvø Vattøy

Tlf 90536141
Tlf 47362493

Innhald

| | |
|---|---|
| Formål..... | 3 |
| Bakgrunn..... | 3 |
| Våre utmerkingar..... | 3 |
| Beskriving og statuttar..... | 4 |
| <u>Æresmedlem</u> | 4 |
| Reglar og statuttar for tildeling av æresmedlemskap..... | 4 |
| <u>Hareid IL sin ungdomspris</u> | 4 |
| Reglar og statuttar for tildeling av Hareid IL sin ungdomspris..... | 4 |
| <u>Utmerking for administrativt arbeid</u> | 5 |
| Reglar og statuttar for tildeling av Utmerking for administrativt arbeid..... | 5 |
| Oversikt Æresmedlemar 1922 – d.d..... | 6 |
| Oversikt Ungdommens Idrettspris 2022 – d.d..... | 6 |
| Oversikt Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid 1990 – d.d | 7 |

Formål

Det er viktig for ein kvar klubb å gi utmerkingar til dei som fortener det. Utmerkingar er med på å skape tilhørigheit for den enkelte, og det er ein måte for klubben og medlemmane å gi honnør og positiv anerkjenning til dei som fortener det.

Hareid IL har 3 ulike utmerkingar som er vedtekne av årsmøtet. Dokumentet skildrar kriteria for dei ulike utmerkingane, samt gir ei oversikt over kven som har motteke dei.

Dokumentet skal oppdaterast årleg.

Nominasjonane skal vere skriftlege, og tildelingane skal grunngjevast.

Eigne skjema er utarbeidde for dette.

Bakgrunn

Heidersmerkenemnda i Hareid IL har sidan 1990 ført oversikt over verv i klubben som har gitt poeng for å oppnå 3 ulike utmerkingar:

| | | |
|-------|---|-----------------|
| 10 år | - | Merke |
| 20 år | - | Vimpel på stang |
| 30 år | - | Æresmedlem |

Berre verva gruppeleiar, sekretær og kasserar i hovudgruppene har gitt poeng til utmerking.

F.o.m. 2022 vil klubben fokusere på 3 ulike utmerkingar, og det oppfordrast til at medlemmane og gruppestyra gjer seg kjende med statuttane og nominerer medlemmar dei meiner fortener utmerkingar/prisar utover det som vert statestikkkført av Heidersmerkenemnda (Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid).

Våre reviderte utmerkingar frå 2022

- Æresmedlem.
- Hareid IL sin ungdomspris.
- Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid.
 1. Merke - 10 årspoeng
 2. Vimpel på stang - 20 årspoeng

Beskriving og statuttar

Æresmedlem

Æresmedlemskap er Hareid IL si høgste utmerking.

Regler for tildeling av æresmedlemskap:

- Statuttar for tildeling av æresmedlemskap skal vedtakast/endrast av Årsmøtet.
- Utnemning av æresmedlemmar skal skje på årsmøtet eller på ei jubileumstilstelling.
- Alle medlemmer i Hareid IL kan foreslå/nominere kandidatar til Æresmedlemskap (eige skjema)
 - Nominasjon skal gjerast skriftleg og grunnjevast i tråd med statuttane.
- Søknader skal leverast dagleg leiar.
- Heidersmerkenemda går gjennom innkomne forslag og tilrår utmerking for hovedstyret.
- Hovudstyret vedtek utnemning.
 - Av hovudstyret sine medlemmar skal minst ¾ vere tilstades.
 - Forslag, kandidatar og handsaming er strengt konfidensielt inntil utnemning.
- Diplom og/eller gåve skal overrekkast ved tildeling av æresmedlemskapet.
- Æresmedlemmar får gratis tilgang til alle arrangement i klubben sin regi.

Statuttar for tildeling av Æresmedlemskap:

Æresmedlemskap kan tildelast personar som utfyller eitt eller fleire av fylgjande kriterier:

- Har utført ein ekstraordinær innsats for idrettslaget gjennom fleire tiår, anten gjennom sitt/sine verv eller bidrege sterkt i ei spesiell sak som har fått stor betydning for idrettslaget.
- Har over tid hatt gode sportslege prestasjonar på minimum nasjonalt nivå og i tillegg bidrege vesentleg i klubbarbeid over tid.
- Har gjennom fleire tiår betydd svært mykje for miljø, samhald og trivsel i idrettslaget.

Hareid IL sin ungdomspris – Reglar/statuttar

Hareid IL vil kvart år på det ordinære årsmøtet dele ut HAREID IL sin ungdomspris.

Alle grupper tilslutta HIL kan innan 01.05.2022, via dagleg leiar, sende inn forslag på kandidatar til prisen på eige søknadsskjema.

Den/dei som vert foreslegne må vere under 20 år ved utgangen av søknadsåret. Det kan foreslåast enkeltutøvarar, lag eller tillitsvalde som har gjort ein særleg stor innsats for idretten i Hareid IL.

Søkarar treng ikkje nødvendigvis ha gjort seg spesielt godt bemerkta som utøvar innan sin idrett. Det kan også vere ein kandidat som gjer ein innsats med å hjelpe andre som trenar, dommar, leiar osv.

Søknaden må vere grunnjeven (eige skjema) og skal leverast dagleg leiar innan fristen.

Heidersmerkenemda går gjennom søknader og tilrår utmerking for hovedstyret.

Mottekne søknader skal vedtakast av Hovudstyret konfidensielt, og eventuelle kandidatar må vedtakast med 2/3 stemmer.

Prisen er på kr 5.000,- og skal nyttast til vidare relevant/sosialt arbeid innan laget/klubben eller vidareutvikling som utøvar/utøvarar.

Hareid Idrettslag
Myravegen 12
6060 Hareid
www.hareidil.no
Org.nr 971370610

Lagsleiar
Vegard Gjerde
Dagleg leiar
Ola Kalvø Vattøy

Tlf 90536141

Tlf 47362493

Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid

Reglar for tildeling av Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid

- Hovedstyret behandlar og vedtek utnemning.
- Utmerking skal utdelast på årsmøtet eller anna tilstelling i regi av Hareid Idrettslag.

Statuttar for tildeling av Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid:

Merke: Minimum 10 opparbeidde årspoeng.

Vimpel på stang: Minimum 20 opparbeidde årspoeng.

- ❖ Som eingongstiltak tilbakefører Heidersmerkenemnda alle styremedlemskap og trenar/oppmannfunksjonar i idrettslaget (utanom dei alt registrerte leiar-, sekretær- og kasserarfunksjonane) frå 75-årsjubileumsåret 1997 - med 1998 som første tilbakeføringsår) - og held fram med same tildelingsopplegg vidare etter tabellen under.
- ❖ Heidersmerkenemnda vedtek å fastsetje 3 årspoeng til personar som har stått for leiinga for større utbyggingsprosjekt som idrettslaget har vore delaktig i dei siste 25 åra. Nemnda vedtek i kvart tilfelle kor mange årspoeng denne leiaroppgåva fortener, i samråd med hovudstyret. Som døme på slike prosjekt kan i nyare tid nemnast den nye kunstgrasbana og Hadarhallen. Ei slik årspoengtildeling skal også vere aktuell for leiaransvar ved seinare større utbyggingar.
- ❖ Frå og med det året nye vedtekter for utmerkingar i Hareid IL blir vedteke, vil Heidersmerkenemnda begynne å registrere årspoeng etter tabellen under.
- ❖ Hovudlaget må kunngjere for alle grupper at dei må opplyse i årsmeldingane sine kven som har hatt desse funksjonane det siste året.

| Verv | 1 årspoeng | 0,5 årspoeng |
|---|------------|--------------|
| Gruppeleiar | x | |
| Nestleiar | | x |
| Sekretær | x | |
| Økonomiansvarleg | x | |
| Styremedlem | | x |
| Leiar Idrettsrådet | | x |
| Sekretær Idrettsrådet | | x |
| Ubetalt trenar for utøvarar over 18 år | x | |
| Oppmann for utøvarar over 18 år | x | |
| Ubetalt trenar for utøvarar under 18 år | | x |
| Oppmann for utøvarar under 18 år | | x |

Hareid Idrettslag
Myravegen 12
6060 Hareid
www.hareidil.no
Org.nr 971370610

Lagsleiar
Vegard Gjerde
Dagleg leiar
Ola Kalvø Vattøy

Tlf 90536141

Tlf 47362493

Oversikt Æresmedlem (1922 - d.d.)

| År | Namn |
|------|-------------------|
| 1947 | Egil Hernes |
| 1947 | Eindride Hareide |
| 1947 | Bernhard Harkjerr |
| 1972 | Einar Elvanes |
| 1982 | Andreas Hareide |
| 1982 | Kåre Oksavik |
| 1997 | Signe Bjåstad |

Oversikt Hareid IL sin ungdomspris (2022 -

| År | Namn |
|----|------|
| | |
| | |
| | |
| | |

Oversikt Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid 20 år – Vimpel på stang (1990 – d.d)

| År | Navn |
|------|--------------------|
| | Hans Petter Rise |
| | Vidar Vollsæter |
| 2019 | Leiv Arne Grimstad |
| 2020 | Sindre Breivik |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |

Hareid Idrettslag
Myravegen 12
6060 Hareid
www.hareidil.no
Org.nr 971370610

Lagsleiar
Vegard Gjerde
Dagleg leiar
Ola Kalvø Vattøy

Tlf 90536141

Tlf 47362493

Oversikt Utmerking for administrativt/sportsleg arbeid 10 år – Merke (1990 – d.d)

| År | Navn |
|----|-----------------------|
| | Hans Petter Rise |
| | Leiv Arne Grimstad |
| | Sindre Breivik |
| | Vidar Vollsæter |
| | Andreas Moldskred |
| | Hallfrid Flø |
| | Grete Elvanes |
| | Olav Sindre Rise |
| | Svein Egil Kleppe |
| | Anja Holstad |
| | Ellinor Bølstad Banne |
| | Hilde Brekke |
| | Roger Finnvik |
| | |
| | |
| | |